



Valldal

**Styremøte i Valldal Bygdekvinnelag
mandag 10.mai 2026 kl.18 hos Gerd**

Til stades: Bjørg, Gerd, May, Mette Marie, Mette NV, Magnhild
Solveig og Nelly var innkalla i tillegg til dei faste styremedlemmane.

Bjørg opna møtet og det var triveleg at vi var inviterte til Gerd denne gongen.

Sak 49/ 26 Fordeling av arbeidsoppgåver knytt til Olsok 2026

Bjørg og Nelly har delteke på fellesmøte vedk. olsokarrangementet. Nytt møte den 27.mai.

Det er lagt opp til eit variert program, med ei eigen avdeling for barn, «Barnas olsok».

Alle involverte lag må bidra til olsoklotteriet. VBK skal innhente 8 gevinstar.

Bjørg har laga ein oversikt for korleis førebuing/gjennomføring av matsalet kan gjennomførast.

Oppsettet må sendast til den enkelte som får ansvar for dette.

I tillegg skal det lagast vaktliste for salet; som skal foregå mellom kl. 11.00 – 15.30.

Prisfastsetting må gjerast, før matbilletter blir trykt opp, plakatar må lagast.

Opptelling av diverse utstyr som vart til overs frå fjoråret må gjerast, ev. kjøpe av Helselaget det som dei har av slikt utstyr.

Mykje logistikk som skal på plass, Nelly har god oversikt over innkjøp m.m.

Sak 50/26 Turplanlegging med avklaringar

Førebels oppsett med oversikt over turen den 11. juni vart delt ut.

Gerd har gjort ein god jobb med organiseringa, og orienterte meir detaljert om innhaldet.

Kjekt å kunne besøke Rauma kommune og eit variert program for dagen.

Litt spm.om korleis det praktisk skal gjerast med betaling; det enklaste vert at laget betalar samla på dei ulike stopp-punkta, og at deltakarane betalar inn til laget ved påmelding.

Invitasjon må lagast og sendast ut, opne for påmelding frå andre deltakarar utanom laget.

Sender epost til leiarar i andre lag/organisasjonar.

Sak 51/26 Gjennomførte aktivitetar, møter og søknader Bygdekvinnekveld, Syng med oss, Kviss og Dugnad

Lite frammøte på sist dugnad i sansehagen. Ny dugnad truleg den 1. juni. Judith gjer ein god jobb i høve organisering og praktisk gjennomføring, litt utfordrande å få tilrettelagt enkelte praktiske ting, td. uttaket for vatning.

Stort frammøte på siste kviss før sommaren, ein aktivitet som mange set pris på.

Syng med oss; lite frammøte av bebuarar på siste samling, men eit svært kjekt tilbud som er viktig å gjere kjent for dei som både bur på heimen og andre som likar å synge med.

Sist bygdekvinnekveld vart halden på Lupinen, kjekt at vi kan variere både møtestad og innhald.

Frivilligstrategi er lagt ut på heimesida.

Sak 52/26 Planar framover

Turen til Rauma 11.juni

Olsokarrangementet 25.juli

Medhjelparar til korpsstemne 12.-14.juni

Sak 53/26 VBK sitt bidrag til korpsstemne 12.-14. juni

Komiteen for stemnet skal ha møte fredag fk.

VBK kan bidra med 6 skuffekaker, får beskjed om når og kvar dei skal leverast.

Ev. bidra med nokre vakter til matsserveringa.

Sak 54/26 Eventuelt anna

Neste styremøte i august.

Utforme aktivitetsplan for hausten.

Distriktssamling i Ørskog i sept.

Klubbhuset er reservert til bygdebrunch den 8.nov.

Takk til Gerd som inviterte til møte heime hos seg og gav oss god traktering!

Møtet slutt kl. 20.50

Magnhild
skrivar